

Osland Settefisk AS

5962 BJORDAL

Vår dato: 02.02.2017

Vår ref.: 201402965-20

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Osland Settefisk AS – Søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Østerbøvassdraget, Høyanger kommune i Sogn og Fjordane - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 09.12.2014.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI-notat 12/2017 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva til settefiskproduksjon, og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <http://www.nve.no>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: - Vassdragskonsesjon for uttak av vann fra Søreboelva og Vetleelva til produksjon av settefisk
 - KI-notat 12/2017

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Geir Sørebo
Høyanger kommune
Kystpartiet Sogn og Fjordane
Osland Settefisk AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune